



## MØTEBOK

### Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 30.03.2023

Klokka 10.30 – 13.00

Stad: Heradsstyresalen Kvam rådhus, Norheimsund

Til stades:

Eidfjord kommune:	Ordfører Anders Vatle
Kvam herad:	Ordfører Torgeir Næss
Ullensvang kommune:	Ordfører Roald Aga Haug -rådsordfører
Ulvik herad:	Varaordfører Jens Olav Holven
Rådmannsforum:	Rådmann Ole-Jørgen Jondahl

Administrasjonen: Dagleg leiar Jostein Eitrheim

#### Agenda:

09.00 - 10.30	Årsmøte i Hardangerrådet iks
10.30 - 11.30	Orientering Attraktivitetsløftet 2024 v/ Agnes Brudvik Engeset, Vestlandsforskning
11.30 - 12.00	Lunsj
12.00 - 13.00	Sakshandsaming

#### Orienteringar:

Vestlandsforskning er i gong med ei større reiselivssatsing og jobbar no med å bygge eit nettverk av aktørar innan både reiseliv og det offentlege i Vestland til eit større forskingsprosjekt om berekraftig reiseliv, der lokalsamfunns-utvikling og næringsutvikling er sentrale tema. Frå før har vi med oss reisemålsselskap og kommunar i Nordfjord, Sogn, samt Voss herad og Visit Voss. Vi ynskjer også å invitere Hardanger inn i reiselivsnettverket. Vi vil presentere planar og førebels innhald for satsinga for å høyre om det er interessant for dykk, ev korleis ei slik satsing kan bli meir relevant for dykk.

#### Saker til handsaming:

**HR-sak 06/23 Meldingar**

Ingen meldingar utsende

**HR-sak 07/23 Søknad om støtte til Sparebankstiftinga Hardanger. Arbeidsstad: Der du vil! Auka bruk av fjernarbeid og moglegheiter for Hardangerregionen**

#### Vedtak:

Hardangerrådet godkjenner søknad til Sparebankstiftinga Hardanger om støtte på kr 500.000 til prosjektet Prosjektet Arbeidsstad: Der du vil! Auka bruk av fjernarbeid og moglegheiter for Hardanger-/Vossregionen. Søknaden føreset fullfinansiering og kommunane/herada sin del av prosjektkostnadane vert stadfesta gjennom vedtak i kvar kommune-/heradsstyre. Kostnadane for kommunane vert fordelt etter utvida Hardangerrådsnøkkel.

**HR-sak 08/23 Orienterings- og drøftingssaker innmeldte ved starten av møtet**

- Påminning om påmelding til Fjordtinget
- Orientering frå HMM Helsehjelp Ukraina på neste rådsmøte 27.04.  
Haukeland sjukehus v/Jon Dahl Wigum vert invitert til rådsmøtet 27.04.
- Rådsmøtet 27.04. vert flytta frå Ulvik til Odda pga mogleg samkøyring mellom møte i SAMO og Hardangerrådsmøte.
  
- Bergen sitt gavekort til studentar  
Regionrådet drøfta mogleg ordning med gavekort (3.000 evt. 4.000) til studentar ved studiestad i Bergen.

**Vedtak:**

Hardangerrådet går inn for å laga ei ordning med gavekort for studentar i Bergen, på kroner 3000 kroner for å ha adresse i heimkommunen sin. Kvam herad tek initiativet til å laga eit utkast på innretning av ordninga, informasjon på nettsida osv. Dette vert koordinert med rådmennene.

Møteboka godkjent 30.03.2023

Roald Aga Haug  
Rådsordførar